

# Notat frå Plan og Samfunnsavdelinga v/klimakoordinator

Merknader til dei ulike fokusområda.

## Kapittel 4:

4.1 I Førde vil vi vekse – også for fylket!

- Kommenterar til mål: «Leggje til rette areal for ny næringsverksemd, utviding av eksisterande verksemdar og bransjevis samlokalisering». **(A, O) Her bør miljø inn som eit omsyn, slik det er i 4.3, første kulepunkt**
- Kommenterar til indikatorar: **Kvifor ein-sidedig fokus på «tal arbeidsplassar innanfor handel»? Sysselsetjinga innanfor handel går ned på landsbasis, så kvifor skal Førde måle si næringsutvikling slik? Det er meir relevant kva byen gjer for å utvikle eit meir berekraftig fundament for næringsverksemd. «Tilgang på næringsareal» seier ikkje noko om (miljømessig) kvalitet på arealplanlegginga, som bør vere ein del av det opphavelige resultatmålet. Ein kan med fordel konkretisere ein eller fleire miljøindikatorar**

4.2 I Førde har vi varierte arbeidsplassar, gode utdanningstilbod og er attraktive for nyetablerarar

- Kommentar til mål: «Ei framtidretta planlegging av nye næringsareal, og set av areal slik at fleire bedrifter kan få høve til å lokalisere seg i geografiske klyngjer». **(A) Her bør miljø inn som eit omsyn, slik det er i 4.3, første kulepunkt**
- Kommentar til indikatorar: **«Tilgang på næringsareal» seier ikkje noko om (miljømessig) kvalitet på arealplanlegginga, som bør vere del av det opphavelige resultatmålet. Ein kan med fordel konkretisere ein eller fleire miljøindikatorar**
- Tilleggskommentar: **Kva meinast med «geografiske klyngjer»? Behovet for geografisk samlokalisering av bedrifter må sjåast i lys av (eventuelt vegast opp mot) måla for sentrumsutvikling**

4.3 Førde er kjent som ein kompakt by med urbane kvalitetar, pulserande kulturliv og internasjonalt mangfald

- Kommenterar til mål: **Her er miljøomsynet godt ivareteke**
- Kommenterar til indikatorar: **Her bør ein òg konkretisere ein eller fleire indikatorar som målar miljøaspektet i kommuneplanlegginga**

## Kapittel 5:

5.1 I Førde har alle ein god stad å bu!

- Kommenterar til mål: **Stort sett er miljøomsynet godt ivareteke, men ein kan med fordel ta inn livsløpstenking i bustadplanlegginga. Det skal ikkje berre leggjast vekt på miljøvenleg byggjemåte og materialval, men sjølve bustadane og lokalisering bør leggje til rette for ein**

**miljøvenleg livsstil.** Dette kan til dømes takast med her: «Planlegg nye bustadområde med vekt på estetikk, god byggjeskikk, bruk av miljøvenlege materiale, gode byrom og andre bukvalitetar». (A, M)

- Kommenterarar til indikatorar: **Her bør ein òg kome opp med indikatorar som måler miljøaspektet i kommuneplanlegginga**

#### 5.2 I Førde er vi aktive og har ei meningsfull fritid

- Kommenterarar til mål: **Miljøomsynet kan med fordel vurderast under alle delmåla her, elles er det godt ivareteke**
- Kommenterarar til indikatorar: **Her bør ein òg konkretisere ein eller fleire indikatorar som måler miljøaspektet i kommuneplanlegginga**

#### 5.3 I Førde har vi trygge og gode oppvekstvilkår

- Kommenterarar til mål: «Byggjer ut fortau og sykkelveggar slik at barn og unge kan ferdast trygt mellom heim, skule og fritidstilbod». (A, F, M) «Fokus på eit godt kollektivtransporttilbod, samt ordningar som gjer at unge kan ferdast trygt på kveldstid» (A, F, M). **Dette er gode tiltak, men arbeidet bør også ha eit klart miljøføremål, i tillegg til å trygge heimvegen for born og unge. Jamfør til dømes måla for sykkelbyen Førde og fokuset på kompakte og urbane kvalitetar i byen**
- Kommenterarar til indikatorar: **Her bør ein òg konkretisere ein eller fleire indikatorar som måler miljøaspektet i kommuneplanlegginga**

#### 5.4 I Førde er vi godt rusta til å møte endringane i folkesamansetnad

- Kommenterarar til mål: «Planlegg bustad- og tenesteproduksjon ut frå endra folkesamansetnad, særskilt knytt til behov for bustader til eldre» (A, F, O). **Miljøomsynet bør inn i bustadplanlegginga, jamfør tidlegare kommentarar**
- Kommenterarar til indikatorar: **Ein kan med fordel konkretisere ein eller fleire miljøindikatorar**

### Kapittel 6:

#### 6.1 Førde kommune er ei drivkraft i utvikling av effektive og kvalitativt gode tenester

- Kommenterarar til mål: «Styrkjar inntektsgrunnlaget gjennom å leggje til rette for vekst og verdiskaping, og gjennom strategisk forvaltning av eigendelar (finansforvaltning, eigarskap i selskap og eigendomar)» **Ein bør ha som mål at vekst og verdiskaping skal skje innanfor rammene for ei berekraftig utvikling**
- Kommenterarar til indikatorar: **Ein kan med fordel konkretisere ein eller fleire miljøindikatorar**

#### 6.2 I Førde kommune er vi kjende for å vere framtidsretta, kompetente og inkluderande

- Ingen særskilde kommentarar

### 6.3 I Førde kommune er vi gode på samfunnstryggleik

- Kommentrar til mål: «Klimatilpassing har ein sentral plass i beredskapsmessige omsyn i arealplanlegginga» **Grei målformulering, men ein bør ikkje avgrense klimatilpassing til beredskapsmessige omsyn, dette bør ha ein sentral plass i all arealplanlegging**
- Kommentrar til indikatorar: **Ein bør kome opp med ein eller fleire miljøindikatorar**